

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING 2005

1. STYRET

Endre Amundgård (2004 – 2008) – leiar
Birger Brækken (2002 – 2006) – nestleiar
Odd Kronberget (2002 – 2006)
Bjørn Idar Selsjord (2002 – 2006)
Jørn M Joramo (2004 – 2008)
Reidar Brækken (2004 – 2008)

Varamedlemer 2002 – 2006:

- 1. Terje Myhren*
- 2. Pål Terje Håkenstad*
- 3. Tor Bøe*

Varamedlemer 2004 – 2008:

- 1. Per Nørstebø*
- 2. Nils Gråberg*
- 3. Oddleiv Hovhaugholen*

Valkomite for ålmeningsvalet 2006:

Jon Arnt Kullungstad
Arnfinn Sønstebø
Bjørn Hage

Odd Kronberget har vore ålmenninga sin representant i Dovre elgutval. *Bjørn Idar Selsjord* har vore Dovre sin representant i Snøhetta villreinutvalg.

Det er halde 12 styremøte og 49 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joratunet 28 april med 6 frammøtte.

Det har vore stor møteaktivitet i samband med *Utmarkssentersaka*.

2. KONTORET

Narve Tveiten er tilsett i 50% stilling som ålmeningsstyrar. *Kari Lothe* er tilsett i 10% stilling som kontormedarbeidar.

3. BRUKSRETT

Pr. 31.12.2005 var det 114 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmening, i alt 163 bruk. Dette er tre bruk mindre enn året før. To bruk er slått ihop med anna bruk som har bruksrett i Joramo bygdealmening. Eitt bruk er slått i hop med bruk som har bruksrett i Dovreskogen bygdealmening.

Det er innvilga kr 158.339 i *bruksrettfordel* (35% av dokumenterte materialutgifter som før).

Det er *utvist ved* til 38 bruksrettshavarar. 12 fekk utvist massevyrke og 26 fekk hogst på rot.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

589 (546) søyer og 992 (961) lam har gått på beite i ålmenninga. 29 (31) søyer og 161 (101) lam gjekk tapt. Tapsårsak: 20 dyr i køyrt i hel av toget, resten i hovudsak drepe av rovvilt (jerv og ørn). 132 (88) storfe har beita i ålmenninga, ingen er tapt.

4. SKOGENS DRIFT

4.1. Skogkultur

Det er ikkje gjennomført skogkulturtiltak i 2005.

4.2. Skogsdrifter sesongen 2004/-05.

1. Rydding av vegline; Brannsikringsvegen/parsell sør:

Inntekter

Sort	Volum m3	%	Snittpris
Prima skur	0,73		538,36
Utlegg	13,48	5	169,96
Vrak	1,29		
Sagtømmer toppmålt	65,92	23	361,92
Massevyrke	177,71	63	185,01
Laft toppmålt	24,68	9	390,60
Brutto totalt	283,81	100	<u>243,33</u>

Utgifter:

Driftsutgifter			200,28
Måleutgifter			1,64
Sum utgifter			<u>201,92</u>
Rånetto			<u>41,41</u>

2. Gjennomhogst ved Steinhovdaundergangen, Gardsenden vokterbolig og krysset Setervegen/ Brannsikringsvegen:

Inntekter

Sort	Volum m3	%	Snittpris
Massevyrkje	330,92	66	185,00
Sagtømmer sams	133,91	27	335,49
Utlegg	16,58	3	169,96
Vrak	1,45		0,00
Sagtømmer toppmålt	14,80	3	364,86
Laft toppmålt	6,42	1	373,68
Brutto totalt	504,08	100	<u>231,64</u>

Utgifter:

Driftsutgifter			142,00
Måleutgifter			4,38
Sum utgifter			<u>143,10</u>
Rånetto			<u>88,54</u>

3. Rydding av vegline; Brannsikringsvegen/parsell nord:

Inntekter

Sort	Volum m3	%	Snittpris
Massevyrkje	229,45	72	185,00
Sagtømmer sams	7,42	2	296,63
Sagtømmer prima	1,31		477,10
Sagtømmer sekunda	35,82	11	302,07
Utlegg	6,74	2	169,73
Vrak	1,47		0,00
Sagtømmer toppmålt	28,37	9	356,40
Laft toppmålt	8,22	3	380,66
Brutto totalt	318,80	100	<u>221,07</u>

Utgifter:

Driftsutgifter	184,88
Måleutgifter	4,38
Sum utgifter	<u>189,26</u>
Rånetto	<u>31,81</u>

I tillegg er vyrkje i samband med *Tyriprosjektet* hogd og framkjørt.

5. JAKT

5.1 Elg- og hjortjakt

Kvotestjaktresultat:

Fjellfeltet:

Lag: *Gunnar Holum*

Kvotest: 1 eldre ukse, 1 kalv/ungdyr og 1 hjort.

Felling: 1 unguke (127 kg), 1 eldre ukse (300 kg) og 1 kronhjort (80 kg). Eitt tilleggssdyr (påkjørt): Eldre kolle (175 kg).

Skogfeltet:

Lag: *Jon Ove Solstad*

Kvotest: 1 yngre ukse, 1 kalv/ungdyr og 1 hjort.

Felling: 1 yngre ukse (220 kg), 1 unguke (115 kg) og 1 unghind (53 kg). Eitt tilleggssdyr: Ungkolle (115 kg)

5.2 Småviltjakt

Oversyn over kortsal:

	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:	TOTALT:
Sesongkort med hund	29	3	5	37
Sesongkort utan hund	1	5	6	12
3-dagars kort med hund	3			3
3-dagars kort utan hund	6			6
SUM	39	8	11	58

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2004 i parentes):

Hare: 7 (13) stk. på 48 (52) jakt dagar fordelt på 7 (14) jegerar.

Rupe: 197 (293) stk på 139 (168) jakt dagar fordelt på 28 (42) jegerar.

Kommentarane frå jegerane tyder på at bestanden av rupe var god/medels god, og at bestanden av hare var medels god.

5.3 Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 3 fritt dyr, 2 klufbuk, 6 simle/ungdyr og 6 kalv.

Felt: 4 vaksen bukk, 1 ungbukk, 5 vaksen simle og 2 kalv (71%)

Rondane nord:

Kvote: 1 fritt dyr, 1 fritt dyr <50 kg, 1 fritt dyr < 40 kg og 1 kalv.

Felt: 1 vaksen bukk, 1 vaksen simle og 1 kalv (75%)

5.4 Rådyrjakt

Eitt lag søkte om rådyrjakt, og heile ålmenninga var eitt felt.

Laget til *Odd Kronberget* felte 2 dyr av ei kvote på 5.

5.5 Rovdyrjakt

Det er skrive ut 3 rovdryrkort for sesongen 2004/2005.

Det er ikkje rapportert om fangst av rovdyr.

6. ØKONOMI

Rekneskapan for 2005 syner eit overskot på kr. 133.574.

Erstatning i samband med langdistanseskyting er inntektsført med kr 250.000.

Erstatning i samband med utviding av Fokstumyra naturresevat er inntektsført med kr 121.649.

Utbetalt bruksrettfordel for 2005 er kr 158.339. Gjennomsnitt for dei tre siste åra er kr 164.546.

Byggjing av ny traktorveg og vegvedlikehald er utgiftsført med kr 295.691. Det er motteke kr 40.000 i statstilskot. Jernbaneverket har førebels løyvd kr 100.000, som er inntektsført i rekneskapan for 2005.

Resultatet av skogsdriftene for sesongen 2004/ 2005 syner ein gjennomsnittleg rånetto på 60 kroner pr. kbm. Litt over halvparten av tømmeret var hogst av vegtrase for den nye traktorvegen på øversida av Dovrebana””tredje lina”.Det svake resultatet skuldast dårleg tømmer, med ein slipdel på nær 70%, og høge driftskostnader. Uttaket av tømmer for sal og til bruksrettved (slip)i rekneskapsåret 2005 er 1.242 kbm. Elles er det teke ut om lag 90 kbm bruksrettved som hogst på rot. Totalt er det hoggje 50 kbm meir enn balansekvantum etter driftsplan.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.05 var inneståande beløp i bank og kasse kr 545.179. Det er ein oppgang på kr 52.024 i høve til året før.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 351.556 (ned kr 85.826).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 74.290 (ned kr 16.613)

7. VIKTIGE SAKER I 2005

7.1 Joramo Utmarkssenter

Fredag 16.12.05 vart det sett sluttstrek i striden om kontorflytting frå Joramo Utmarkssenter til Postbygget i Dombås sentrum. Med tre mot to røyster gjekk Dovre fjellstyre inn for å flytte sine kontor.

Frå før hadde Dovre næringsforening og stiftinga iNasjonalparker gått inn for flytting til Postbygget.

På Joramo sit vi nokså ribba attende: Berre kontora til Joramo bygdealmening, Mjøsen skogeierforening, Forsøksringen og Q-meieriene blir att. Statskog/ Skogbrukssjefen følger med Fjellstyret til Postbygget. ANØ Miljøkompetanse avslutta sitt engasjement i Dovre, og sa opp kontoret med verknad frå 1. november.

Visjonen for det nye kontorsenteret i Postbygget er ” å gjøre Dombås til et kraftsentrum innen nasjonalpark- og utmarksforvaltning, informasjon, oppsyn og planleggjing, og legge grunnlaget for en framtidig lokal forvaltning og næringsutvikling av våre utmarksarealer”. Kvifor denne visjonen ikkje kunne la seg realisere med eit utmarksfagleg kontorfellesskap på Joramo, er ikkje til å forstå.

Det skog- og utmarksfaglege kontorfellesskapet på Joramo vart etablert i 1993. Initiativet kom frå Dovre fjellstyre. Målsetjinga var å skape eit sterkt skog- og utmarksfagleg miljø i Lesja og Dovre. Joramo bygdealmening har investert nær 2 mill. kroner i tilbygg til eksisterande kontorbygg, uthus og ventilasjonsanlegg. Det er verdt å merkje seg at det ikkje er brukt ei offentleg krone på dette.

Frå sist på 90-talet har Dovre kommune med ordførar Løkken i spissen arbeidd iherdig får å flytte kontorfellesskapet til Dombås sentrum. I 2001 vart det gjennomført ei kommunal utgreiing om utvikling av det utmarksfaglege miljøet på Dombås. Kommunen sitt forsøk på flytting av miljøet mislyktes fordi leigetakarane støtta Joramo bygdealmening sitt primære ynskje om å utvikle det utmarksfaglege miljøet på Joramo Utmarkssenter vidare.

Då Statens naturoppsyn (SNO) etablerte seg i Dovre i 2004, var det venta at kontora ville bli lagt til Joramo Utmarkssenter. Ordførar Løkken ville det annleis, og no kom diskusjonen om flytting av kontormiljøet frå Joramo til Dombås sentrum attende med full tyngde. No skulle turistinformasjon, nasjonalparksenter og alle kontor innan naturforvaltning og turisme samlast i Dombås sentrum. Det ein står att med er eit reint kontorfellesskap, utan informasjonsavdeling og utan resepsjon.

Styret har brukt svært mykje tid og krefter på denne saka. Saka er no tapt, og meir tid og krefter må brukast på å erstatte dei tapte leigetakarane med nye.

Det er elles gjennomført eit par tiltak for å gjera Utmarkssenteret meir synleg for folk flest: Ungskogen mot gangvegen/vegen til industriområdet gjennomhogge og ei kraggefuru med skilt markerar no avkøyringa til Utmarkssenteret.

7.2. Byggjing av ny traktorveg på øversida av Dovrebana ("tredje lina")

Byggjinga av ny traktorveg på øversida av Dovrebana/"tredje lina" er avslutta. Totalkostnad fro vegen vart kr 324.965. Det er motteke kr 105.835 i statstilskot. Jernbaneverket har gjeve tilsagn om anleggstilskot på inntil kr 150.000. Pr. 31.12.05 er ingenting av dette utbetalt. Kr 100.000 skulle vore utbetalt i desember. Jernbaneverket har stillt visse vilkår for vegstandard for utbetaling av restbeløpet på kr 50.000. Det er ikkje avklara kva tiltak som skal gjennomførast, men truleg er det snakk om grusing av dei mest ujamne partia av vegen.

7.3 Nedleggjing av planovergangar/undergangar og tiltak på undergangar på Dovrebanen.

Styret har inngått avtale med Jernbaneverket om nedleggjing av planovergangar/undergangar og tiltak på undergangar på Dovrebanen. Fem planovergangar som ikkje har vore i bruk sidan på 60-talet, blir lagt ned. Undergangen innanfor Nordseter vokterbolig blir stengt og attfylt. Undergangane på Gamle Setervegen og Måsådrotet blir erstatta med stålrør. I Stakstoundergangen blir stålbri erstatta med betongtrog.

Anleggstilskotet til Brannsikringsvegen er knytt il denne avtala.

Det er og inngått avtale med Jernbaneverket om nedleggjing av to planovergangar på Raumabanen som for lengst har gått ut av bruk.

7.4 Registrering av setre, hytter og andre tekniske anlegg i Joramo bygdealmening

I haust vart seterhus og hytter på Grønsetre registrerte. Saman med registreringa som vart gjort på oppdrag for Dovrefjellrådet i 2004 innanfor verneområda i Joramo bygdealmening, har ålmenninga no eit fullstendig register over all bebyggelse med alle hus fotograferte og oppmålte.

7.5 Tiltak i Jorkvitlan

Etter at Joradammen vart borte i 1994, har flomvatn i Jore ført store mengder stein og grus nedover elva. Forbyggjingsarbeid som vart gjort i 1995 styrte storparten av vatnet til det søre løpet. Kombinasjonen av tilført masse og meir vatn har ført til omfattande utgraving av skogsmark i ålmenninga.

Saman med Jorkvitlan grunneigarlag er det teke initiativ til å få gjennomført tiltak i Jorkvitlan for å hindre vidare utgraving og øydeleggjing av skogsmark. Ein søkjer i fyrste omgang samarbeid med kommunane. Dovre kommune planlegg nytt grunnvassanlegg for Dombås på nordsida av ålmenninga nedst i Jorkvitlan. Eit stabilt delta vil vera til fordel for dette anlegget.

Joramo Utmarksenter, 8 mars 2006

Endre Amundgård
styreleiar

Nils Gråberg
(vara for Jørn M. Joramo)

Odd Kronberget

Birger Brækken

Bjørn Idar Selsjord

Reidar Brækken

Narve Tveiten
ålmeningsstyrar